



NORLI JUNIOR

LESEKONKURRANSE!

For 1.-7. klasse

12. september
– 9. desember

Kva er lese- konkurransen?

Målet med Norli Junior Lesekonkurranse er å gi elevane ein eksplosiv rakettfart på lesinga! Tidlegare har 50 000 born frå nesten 3000 klasser delteke i konkurransen. Dei las 100 millionar sider til saman.

Lesekonkurransen er nesten som eit dataspel, med «levels» og trofé, og arrangerast av Norli bokhandel i samarbeid med fleire forlag.

Korleis melde seg på?

- Konkurransen startar 12. september. På norlijunior.no kan elevane lage ein elev-profil. Her skriv ein opp alt ein les.
- Læraren gir deg ein kode. Denne må du bruke for å verte med i klassa di.
- Om du har vore på [norlijunior](http://norlijunior.no) før, kan du godt bruke same profil.

Mål og konkurranse er gøy!

- Klassa les seg frå nivå til nivå, og vinn diplom.
- Alle klasser som les 800 sider per elev får medaljar.
- Alle klasser som les 3000 sider per elev får klassepokal.
- **Noregsligaen:** Klassa som les mest i Noreg, vinn ein stor Noregspokal.
- **Klassetrinnsligaen:** Klassa som les mest på kvart klassetrinn i Noreg, vinn 2000,- kroner. Om fleire klasser les like mykje, får alle premie.
- **Fylkesligaen:** Klassa som les mest i kvart fylke, vinn fylkespokal.
- **Språkligaen:** Klassa som les bøker på flest forskjellige språk, vinn pokal.
- **Superligaen:** Born som les bøker med mykje tekst får bonus. Lærarar gir bonus på 20 % ekstra sider, når elevane les bøker med minst 27 linjer per side. Klassa som les flest sider med bonusbøker vinn pokal. Lærar vel om klassa skal deltake i superligaen.
- **Skuleligaen:** Skulane kan sjølv arrangere eigen konkurranse internt på skulen, og finne på egne premiar.
- **Kommuneligaen:** Kommunar som ønskjer å halde eigen konkurranse internt i kommunen, kan få eiga resultatliste. Kontakt norlijunior@norli.no for å få oppretta kommuneliste.

Glad i å teikne?

Kvar månad er det teiknekonkurranse på norlijunior.no – med tema frå ei av bøkene i lesekonkurransen!

Dette kan elevane lese og registrere:

Les det du vil, bøker lesne i perioden **12. september – 9. desember kan skrivast opp.**

- Vi oppmodar borna til å lese bøker på sitt nivå. Elevar på 7. trinn bør t.d. ikkje lese bøker eigna for 3-åringar for å få mange sider.
- Bøker/e-bøker på alle språk – romanar, faktabøker og teikneseriebøker.
- Lydbøker og høgtlesing (registrerast som lesne minutt).
- Lesing i skulebøker skal ikkje registrerast. Leselekser frå skulebøker som naturfag, geografi og liknande skal ikkje registrerast. Om t.d. ei novelle er trykt i ei skulebok, kan den registrerast.

**Lykke til i årets
lesekonkurranse
- dette vert kjekt!**



Foreldre må hjelpe til

Hjelp borna å registrere bøker om det trengst.

Viktig! Mange tusen born legg ned ein enorm innsats under lesekonkurransen. Derfor er det viktig at konkurransen er rettferdig, og at ingen juksar. Vi ber om at både foreldre og lærarar understrekar for borna kor viktig det er å ikkje jukse. Juks er å skrive opp bøker ein ikkje har lese, og å registrere for mange sider.

Vekas forfattar

Kvar veke vil ein aktuell barnebokforfattar dukke opp på Norli Junior, fortelje om bøkene sine, arrangere konkurransar og motivere til lesing. Blant forfattarane finn du fotballspelarane Ada og Andrine Hegerberg, hiphopdansar Mona Berntsen og Ragnarok-forfattar Odin Helgheim. Forfattarane vil hjelpe borna å finne sin indre lesehest.

Les meir om årets forfattarar på dei neste sidene.

**Premiane delast
ut i februar 2023.**

**KONKURRANSEPERIODE:
12. september — 9. desember 2022**

Årets forfattarar

Veke 37: Nicolai Houm – *Helt super*

Du treng ikkje å vere superhelt for å vere heilt super! Den 11 år gamle gameren Hedvig får livet snudd på hovudet idet ho brått må overta rolla som byens store superhelt. Men Hedvig er ingen superhelt, og problema står i kø. *Helt super* passar for 1.–5. klasse.



Veke 38: Tegneserier med Odin og Sara

Odin Helgheim har skrive ei ny bok i Ragnarok-universet, og den heiter *Tordenguden*. I boka *Mia Myhr og barna som forsvant* har Sara Hjardar laga eit grøssande fantasy-univers. Bøkene passar for 4.–7. klasse.

Veke 39: Ada og Andrine Hegerberg – *2+2=5*

Ada og Andrine har byrja å spele fotball på Sunndals gutelag. Dette er ei bok om kor vanskeleg det kan vere å skilje seg ut, og om korleis det å ha søsken både kan vere noko av det beste og verste som finst. *2+2=5* er andre bok om fotballsystemene og passar for 1.–5. klasse.



Veke 40: Dag Otto Lauritzen og Frode Eie Larsen – *Mot og mysterier*

Mot og mysterier er ein spenningsserie for born og ungdom. Kvar bok har eit frittståande mysterium, og kvar bok er knytt opp mot eit naturfenomen. Alle bøkene inneheld råd og historier om mot, motivasjon og viljestyrke knytte opp mot boka sin tematikk. Passar for 4.–7. klasse.

Veke 41: Robert Stoltenberg og Harald M. Stoltenberg – *Turbotvillingene og den store kanonballkampen*

Turbotvillingene og den store kanonballkampen er ei hysterisk morosam og hjartevarm historie om å vere ein god bror, ein god ven og eit godt menneske. Dette er fyrste bok i ein rikt illustrert serie om Turbotvillingane og som passar for 1.–5. klasse.



Veke 42: Alexander H. Sandtorv – *VitenGALskap 1: Elleville eksperimenter*

Humor og vitskap i skjønn sameining. Den nye serien *VitenGALskap* er ei levande og crazy formidling av vitskap og alt det rare som driv verda framover. Serien passar for 1.–7. klasse.

Årets forfattarar

Veke 43: Mona Berntsen – *Mona og dansedrømmen*

Mona elsker å danse. Ikkje berre sånn litt, ho elsker det verkeleg. Men dei andre dansejentene på skulen er teite mot bestevenen til Mona, Benji. Når desse jentene plutsleg treng Mona si hjelp, veit ho ikkje kva ho skal gjere. *Flow* er ein ny illustrert serie om det å tore å følgje draumane sine. Passar for danse- og leseløver i 1.–5. klasse.




Veke 44: Tegneserier med Victor og Cha

Victor Nordahls bok *Revefarmen* er ein spennande og varm teikneserieroman frå ein rev sitt perspektiv. I bokserien *Dragens øye* har Cha Sandmæl laga eit fantastisk univers fullt av magi. Bøkene passar for 3.–7. klasse.



Veke 45: Marius Molaug – *Verdens verste kjæledyr*

Mykje humor, gøyale illustrasjonar og ein kvardag som sjeldan går heilt på skinner, gjer *Verdens verste*-bøkene til ei underhaldande, lettlest og hysterisk morosam lesaroppleving for både born og vaksne. Perfekt for lesarar i 1.–7. klasse.



Veke 46: Toralf Fagertun – *Familien Gnork*

Familien Gnork er ei sprø og munter forteljing om venskap, fiendskap, edderkoppjakt, flygande krokodiller og heimelaga medisin med utrulege biverknadar. Og fotball, sjølvsaft. Denne rikt illustrerte boka er perfekt for 4.–7. klasse.



Veke 47: Ida Tufte Michelsen – *Alma Freng og strålemerkene*

Den magiske forteljinga om Alma Freng fortset i ei ny bok. Serien handlar om heltemot, hemmelegheiter og utrulege krefter. Perfekt for alle som elsker Harry Potter og Ingenlund – som høgtlesingsbok for 1. klasse og oppover, eller som lese-sjølvs-bok for 4.–7. klasse.



Veke 48: Bjørn Sortland – *Mission 5: Los Angeles*

Jon jobbar som agent Johnny 777 for den hemmelege organisasjonen EHO. Saman med Ninja-Prinsessa har han vore på ville oppdrag over heile verda. No skal dei til Los Angeles – til Hollywood! Denne humoristiske actionserien er perfekt for 1.–5. klasse.